



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	14.04.2026
Møtetid:	11:30 -13:35
Møtestad:	Kommunehuset, kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Vebjørn Haugsdal	medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Stian Søyvik	Torill Torsvik Størkersen	SP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bente Dagny Holmaas Halland	konsulent
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 17/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 18/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 05.02.26	
PS 19/2026	Finansrapportering pr. 31.12.2025	
PS 20/2026	Kraftmelding pr. 31.12.2025	
PS 21/2026	Mellombels brannstasjon på Matre	
PS 22/2026	Masfjorden kommune - årsmelding 2025	
PS 23/2026	Godkjenning av framlegg til finansieringsavtale punktutbetringar Mollandseid og ved Reknes	
PS 24/2026	Kulturvernmidlar løe på Solheim gbnr 44/1	
PS 25/2026	Reguleringsplan for fylkesveg 570 Risnes bru gnr.5 bnr23 i Masfjorden kommune - 1 gangs handsaming	
PS 26/2026	Handsaming av planlagt konsesjonssøknad for uttak av grunnvatn til Masfjorden kommunale vassverk i Øvredalen ved Andvik	
PS 27/2026	Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2027 - 2039	
PS 28/2026	Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037	
PS 29/2026	Planprogram for kommunedelplan for oppvekst. 2. gongs handsaming	
PS 30/2026	Planprogram for kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2.gongs handsaming	
PS 31/2026	Lunsjpause for reinhaldarar	
PS 32/2026	Lønspolitisk plan 2026 - 2028	
PS 33/2026	Utviding av IKTNH med 3 nye kommunar	
PS 34/2026	Referat- og orienteringssaker	

RS 7/2026	Einøkavane AS - oppretting av selskap
RS 8/2026	Utgreiing og tilråding - Justering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden
RS 9/2026	Oppvekstprofil for Masfjorden kommune 2026
RS 10/2026	Årsmelding Nh legevakt
RS 11/2026	Årsmelding Region Nordhordland IKS - oppvekstsektoren
RS 12/2026	Protokoll 1 -Regionrådet Nordhordland fredag 30. januar
RS 13/2026	Saksliste Regionråd 2-2026, fredag 13. mars
RS 14/2026	Protokoll 2 -Regionrådet Nordhordland fredag 13. mars
RS 15/2026	Kommunenes rolle i krise og krig
RS 16/2026	Høringsbrev
PS 35/2026	Godkjenning av avtale mellom Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune - omlegging av hovudvassleidning ved Mollandseid bru
RS 17/2026	Høringsbrev - offentlig høring av NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge
RS 18/2026	Notat - framtidig organisering av arbeidsmarknadsverksemdene i Nordhordland
RS 19/2026	Tilskot til kulturbygg
PS 36/2026	Høyringsuttale kring forslag ein felles konsesjonskraftpris

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 17/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 32/2026 vert trekt frå saklista jmf sak 5/2026 i administrasjonsutvalet.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 17/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 18/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 05.02.26

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 18/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå formannskapet 05.02.26:

Møteprotokoll frå formannskapet 05.02.26 vert godkjent

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 19/2026 Finansrapportering pr. 31.12.2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 19/2026 Finansrapportering pr. 31.12.2025:

Tilråding frå Formannskapet:

Finansrapport for 2025/31.12.2025 vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 20/2026 Kraftmelding pr.
31.12.2025

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vert vedteken.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 20/2026 Kraftmelding pr.
31.12.2025:

Tilråding frå formannskapet :

Kraftmelding pr. 31.desember 25 vert teken til vitring

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 21/2026 Mellombels brannstasjon på Matre

Saka vart drøfta.

Rådmannen sette fram slikt justert framlegg til vedtak i møtet:

- Formannskapet godkjenner etablering av mellombels brannstasjon på Matre for inntil 2 år.
Det vert løyvd inntil krone 2.000.000 eks mva til prosjektet. Kostnadane skal førast på prosjekt
datasenter.

Framlegg til justert vedtak sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 21/2026 Mellombels brannstasjon på Matre:

Vedtak frå formannskapet:

Formannskapet godkjenner etablering av mellombels brannstasjon på Matre for inntil 2 år.

Det vert løyvd inntil krone 2.000.000 eks mva til prosjektet. Kostnadane skal førast på prosjekt

datasenter.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 22/2026 Masfjorden kommune - årsmelding 2025

Saka vart drøfta.

Formannskapet ba om at ein hadde fokus på skrivefeil og billedbruk før årsmelding vert trykt, jmf diskusjon i møtet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd kommunestyret

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 22/2026 Masfjorden kommune - årsmelding 2025:

Tilråding frå formannskapet:

Masfjorden kommune si årsmelding for 2025 vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 23/2026 Godkjenning av framlegg til finansieringsavtale punktutbetringar Mollandseid og ved Reknes

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd kommunestyret

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 23/2026 Godkjenning av framlegg til finansieringsavtale punktutbetringar Mollandseid og ved Reknes:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret sluttar seg til framlegg til finansieringsavtale som ligg ved saka.

Masfjorden kommune løyver inntil 4 million kroner som tilskot til vegutbetringa. Midlane vert finansiert/innarbeidd i driftsbudsjettet for 2027, evt. som avsetjing 2026 og bruk av fond i 2027.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 24/2026 Kulturvernmidlar l e p  Solheim gbnr 44/1

Det vart jobba fram fylgjande framlegg til vedtak i m tet:

- Formannskapet aukar ikkje opp tildelte tilskot til f rem let

Fylgjande framlegg sett fram i m tet vart samr ystes vedteke.

Vedtak/tilr ding fr  Formannskapet - 14.04.2026 av sak 24/2026 Kulturvernmidlar l e p  Solheim gbnr 44/1:

Vedtak fr  formannskapet:

Formannskapet aukar ikkje opp tildelte tilskot til f rem let

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 25/2026 Reguleringsplan for fylkesveg 570 Risnes bru gnr.5 bnr.23 i Masfjorden kommune - 1 gangs handsaming

Erlend Kvamsdal (H) ba om å få habiliteten sin vurdert i sak 25/2026 Reguleringsplan for fylkesveg 570 Risnes bru gnr.5 bnr.23 i Masfjorden kommune-1 gangshandsaming.

Formannskapet vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 bokstav a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Kvamsdal var inhabil fordi han er part i saka.

Erlend Kvamsdal (H) deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka.

Varaordførar Geir Egil Haugsvær (Sp) tok over møteleiinga.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) vedtatt

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 25/2026 Reguleringsplan for fylkesveg 570 Risnes bru gnr.5 bnr.23 i Masfjorden kommune - 1 gangs handsaming:

Vedtak frå formannskapet:

Framlegg til reguleringsplan for fylkesveg 570 Risnes bru vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-10 lagt ut til offentleg ettersyn.

Frist for merknader vert sett til 6 veker.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 26/2026 Handsaming av planlagt konsesjonssøknad for uttak av grunnvatn til Masfjorden kommunale vassverk i Øvredalen ved Andvik

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 26/2026 Handsaming av planlagt konsesjonssøknad for uttak av grunnvatn til Masfjorden kommunale vassverk i Øvredalen ved Andvik:

Vedtak frå formannskapet :

Formannskapet sluttar seg til at det vert sendt inn konsesjonssøknad til NVE for uttak av grunnvatn i Øvredalen til Masfjorden kommunale vassverk

Det vert vist til vedlagde sluttrapport dagsett 26.02.2026.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 27/2026 Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2027 - 2039

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 27/2026 Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2027 - 2039:

Vedtak frå formannskapet:

Framlegg til planprogram for kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2027 – 2039 vert lagt ut på høyring. Det vert vist til plan- og bygningslova sin § 4.1 og § 11-13.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 28/2026 Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037

Rådmannen informerte om merknad på Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden Kommune 2025-2037 som ikkje var kome med tidligare. Merknad blir lagt som vedlegg vidare til kommunestyret.

Saka vart drøfta.

Vebjørn Haugsdal (H) sette fram merknad til framlegg til vedtak :

- Avsnitt 7 og 8 på side 21 blir omgjort til:
 - Styrka verdiskapinga i kommunen ved å støtta opp om berekraftig og attraktive primærnæringar som hav, jordbruk og skogbruk. Leggja opp til fleksible løysingar for dei som ønskjer å utvikle næringsverksemdar.
- Det vert lagt til følgjande kulepunkt under punkt 5.2.4:
 - Styrkja bu- og arbeidsmarknaden i Masfjorden og Gulen gjennom innkortingar av Fv 570 mellom Sandnes og Andåskrysset.
- Endre føring nr. 8 under punkt 6.1 til følgjande setning:
 - Setje av areal til nødvendig infrastruktur, som t.d. miljøstasjon og innkorting av FV- 570 Masfjordnes – Andås (E39)

Ørjan Daae (Frp) sette fram fylgjande merknad til vedtak:

- Ny tekst i punkt. 5.2.1 og punkt. 6.1:
 - Styrkje tilgang til sjø for fastbuande, gjennom tilrettelegging av naust, båtplassar, vinteropplag,slipp m.m., både for sjø eigedommar og fellesanlegg der dette er naturleg..

Framlegg til vedtak med merknader frå H og Frp vart samrøystes tilrådd kommunestyret.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 28/2026 Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden kommune 2025 - 2037:

Tilråding frå formannskapet:

Framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden 2025-2037 vert godkjent i

medhald av

plan- og bygningslova § 11-15 med desse endringane :

- Avsnitt 7 og 8 på side 21 blir omgjort til:
 - Styrka verdiskapinga i kommunen ved å støtta opp om berekraftig og attraktive primærnæringar som hav, jordbruk og skogbruk. Leggja opp til fleksible løysingar for dei som ønskjer å utvikle næringsverksemdar.
- Det vert lagt til følgande kulepunkt under punkt 5.2.4:
 - Styrkja bu- og arbeidsmarknaden i Masfjorden og Gulen gjennom innkortingar av Fv 570 mellom Sandnes og Andåskrysset.
- Endre føring nr. 8 under punkt 6.1 til følgande setning:
 - Setje av areal til nødvendig infrastruktur, som t.d. miljøstasjon og innkorting av FV- 570 Masfjordnes – Andås (E39)
- Ny tekst i punkt. 5.2.1 og punkt. 6.1:
 - Styrkje tilgang til sjø for fastbuande, gjennom tilrettelegging av naust, båtplassar, vinteropplag,slipp m.m., både for sjø eigedommar og fellesanlegg der dette er naturleg..

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 29/2026 Planprogram for kommunedelplan for oppvekst. 2. gongs handsaming

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 29/2026 Planprogram for kommunedelplan for oppvekst. 2. gongs handsaming:

Vedtak frå formannskapet:

Planprogram for kommunedelplan for oppvekst vert godkjent slik den ligg føre.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 30/2026 Planprogram for kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2.gongs handsaming

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 30/2026 Planprogram for kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2.gongs handsaming:

Vedtak frå formannskapet:

Planprogram for kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2027-2039 vert godkjent.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 31/2026 Lunsjpause for reinhaldarar

Framlegg til vedtak frå administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteken.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 31/2026 Lunsjpause for reinhaldarar:

Vedtak frå formannskapet:

Reinhaldarar tilsett i teknisk, miljø og landbruk (TML) får ordning med betalt lunsjpause frå
og med
01.06.2026

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 32/2026 Lønspolitisk plan 2026 - 2028

Saka blei trekt frå sakskartet jmf sak 17/2026

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 32/2026 Lønspolitisk plan 2026 - 2028:

Saka vart trekt.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 33/2026 Utviding av IKTNH med 3 nye kommunar

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 33/2026 Utviding av IKTNH med 3 nye kommunar:

Vedtak frå formannskapet:

1. Masfjorden kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane, Etne, Tysnes og Vindafjord.
2. Masfjorden kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 34/2026 Referat- og orienteringssaker

Orienteringar:

ABO plan og arkitektur v/Åshild Blomdal og Aleksandra Kurzynska informerte om status om Forprosjekt omsorgsbustader.

Referatsaker:

- Einekavane AS - oppretting av selskap
- Utgreiing og tilråding-Justering av kommunegrensa mellom Alver,Modalen og Masfjorden.
- Oppvekstprofil for Masfjorden kommune 2026
- Årsmelding Nh legevakt
- Årsmelding Region Nordhordland IKS-oppvekstsektoren
- Protokoll1-Regionrådet Nordhordland fredag 30.januar
- Sakliste Regionråd 2-2026, fredag 13.mars
- Protokoll 2-Regionrådet Norhordland fredag13.mars
- Kommunenes rolle i krise og krig
- Høringsbrev
- Høringsbrev-offentlig høring av NOU 2026:4 kjernekraft i Norge
- Tilskot til kulturbygg
- Notat-framtidig organisering av arbeidsmarknadverksemdene i Nordhordland

Orientering frå ordførar:

- Ordførar orienterte om status på Masfjordsambandet .
- Ordførar orienterte om Statens Vegvesen sitt vedtak om oppheva gangfelt på Matre.
- Ordførar orienterte kort om arbeid med lys i tunnelane mellom Indre Haugsdal og Matre.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 34/2026 Referat- og orienteringssaker:

Referat og orienteringssaker vert teken til vitring.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 35/2026 Godkjenning av avtale mellom Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune - omlegging av hovudvassleidning ved Mollandseid bru

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd kommunestyret

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 35/2026 Godkjenning av avtale mellom Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune - omlegging av hovudvassleidning ved Mollandseid bru:

Tilråding frå formannskapet:

Kommunestyret godkjenner framlegg til avtale mellom Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune knytt til omlegging av hovudvassleidning ved Mollandseid bru.

Det vert vist til vedlagde framlegg til avtale om fordeling av kostnader mellom Vestland fylkeskommune og Masfjorden kommune.

Det vert løyvd inntil krone 1.000.000 eks mva for gjennomføring av avtalen knytt til prosjektering og røyrleggjararbeid m.v. Tiltaket vert finansiert med bruk av fond.

Saksprotokoll for Formannskapet

Handsaming i Formannskapet - 14.04.2026 av sak 36/2026 Høyringsuttale kring forslag ein felles konsesjonskraftpris

Rådmannen gjorde merksam på at ein ventar på høyringsutalelse frå LVK. Denne vert sendt medlemmane i kommunestyret når den ligg føre.

Rådmannen fekk fullmakt til å innarbeide moment frå LVK uttalelsen i framlegg til vedtak fram mot kommunestyret.

Framlegg til vedtak vert samrøystes tilrådd kommunestyret.

Vedtak/tilråding frå Formannskapet - 14.04.2026 av sak 36/2026 Høyringsuttale kring forslag ein felles konsesjonskraftpris:

Tilråding frå formannskapet:

Uttale frå Masfjorden kommune til ED sine forslag til endringar:

Masfjorden kommune støttar forslaget om samanslåing av dei to prisregima, men støttar **ikkje** forslaga om andre endringar i grunnlaget for konsesjonskraftprisen, som me vil tru vil auke kostprisen for konsesjonskrafta med fleire øre/kWh.

Kostpris bør ligge på 2024 ED prisnivå, då nyare opprusting og utvidingsprosjekt av kraftanlegga ikkje kjem vertskommunane og ordninga med konsesjonskraft til fordel, og vil berre svekke ordninga framover for vertskommunane. Nyare anlegg med fokus på effekt- og pumpeanlegg vil ikkje gje utteljing for vertskommunane si konsesjonskraftmengde, men gje auka lønsemd for selskap og eigarkommunane. Betre balanse mellom kost/nytte må inn i sjølvkostvurderinga for vertskommunane vs. eigarkommunane, for i den seinare tid har dette gått i retning/fordel eigarkommunane.

